



Vang kommune

Holger Baugstø Iversen
Hadlabrekko 36
5417 Stord

Dykkar ref.:

Vår ref.:

AAEEMI-2022004652 -5

Arkiv:

GBNR-3/48

Vår dato:

30.07.2026

Saksnr.	Utval
148/26	Hovudutval for utvikling

Løyve til tiltak - Fasadeendring og tilbygg

Tiltak: Fasadeendring og tilbygg
Byggjestad: Gbnr: 3/48 Gamlestøgovegen 180
Tiltakshavar: Holger Baugstø Iversen
Hadlabrekko 36
5417 STORD

Vedtak

Vang kommune godkjenner søknad om løyve til fasadeendring og tilbygg på eigedomen gnr./bnr. 3/48.

Vedtaket er fatta med heimel i plan- og bygningslova §§ 20-1 og 20-4.

Saksopplysningar

Det er søkt om løyve til fasadeendring og tilbygg på gnr. 3 bnr. 48. Eigedomen er regulert til fritidsbustadføreml i områdereguleringsplanen for «Tyinkrysset».

Kommunen fekk søknad om tiltaket 28.07.2026. Søknaden inneheld naudsynte teikningar og andre tekniske opplysningar. Søknaden var komplett den 29.07.2026.

Tiltaket er ikkje nabovarsla. Det er vurdert at tiltaket ikkje, eller i liten grad rører ved interessene til naboane, jf. plan- og bygningslova § 21-3 andre ledd.

Vurdering

Omsøkte tiltak blir vurdert til å vere i samsvar med føremål og føresegner i områdereguleringsplanen for «Tyinkrysset». Det er vurdert at dette er eit tiltak som kan ståast for av tiltakshaver sjølv etter plan- og bygningslova § 20-4 bokstav e.

Teikningsdokumentasjon

Løyvet er basert på teikningar med journaldato 28.07.2026 og 29.07.2026.

Føresetnader med heimel i lovverket

- Er tiltaket ikkje sett i gang seinast 3 år etter at løyvet er gjeve, fell løyvet bort. Det same gjeld om tiltaket blir innstilt i lengre tid enn 2 år, jf. pbl § 21-9.
- Bygningen/ tiltaket må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det dette løyvet føreset.
- Skifte av tiltakshavar under gjennomføringa skal straks meldast til kommunen både av den opphavlege og den nye tiltakshavaren, jf. pbl § 23-2.
- Det er tiltakshavar sitt ansvar å sjå til at bygget blir oppført i tråd med føresegn i plan- og bygningsloven med tilhøyrande teknisk forskrift og dimensjoneringsstandardar.
- Mindre endringar undervegs må normalt avklarast med kommunen på førehand. Om tiltaket inneheld korreksjonar ut frå godkjente teikningar, så må desse visast fram ved søknad om ferdigattest.
- Du/de kan ikkje ta i bruk bygningen/tiltaket før ferdigattest ev. mellombels bruksløyve er gjeve, jf. pbl. § 21-10.

Du kan klage på dette vedtaket

Eventuell klage må leverast skriftleg til kommunen innan tre veker etter at vedtaket er gjort kjent. Dersom kommunen ikkje tek klaga til følge, blir klaga send vidare til Statsforvaltaren i Innlandet for endeleg avgjerd.

Gebyr

Du må betale eit gebyr på kr 6 560, jf. Vang kommune sitt gebyrregulativ. Faktura blir ettersendt.

Med helsing

Emilie Aaen

Saksbehandlar bygg og tilsyn

Dir. tlf.: 418 76 349

E-post: emilie.aaen@vang.kommune.no

Etter rutinane våre er dette dokumentet godkjent og sendt utan underskrift.